




EIDFJORD SENTERPARTI

VALPROGRAM 2019-2023



Senterpartiet



GRUNNSYN

Senterpartiet sitt verdigrunnlag handlar om å byggja samfunnet nedanfrå. Gjennom lokalt folkestyre, desentralisering av makt, kapital og busetjing, vil me ta heile landet i bruk.

Me har stått fast på at kommunesamanslåing må skje frivillig. Eidfjord kommune hadde ei rådgjevande folkerøysting som gav eit tydeleg mandat til at me skal fortsetja som eigen kommune. Eidfjord Senterparti garanterer at me skal gjera alt me kan for at Eidfjord kommune skal bestå som eigen kommune i komande kommunestyreperiode. Me vil at Eidfjord skal vera ein god plass for alle å busetja seg i. For oss betyr dette at kommunen skal levera gode og fleksible tenester i alle livsfasar. Det betyr at me skal leggja til rette for bustadbygging i heile kommunen.

Eit levande og variert organisasjonsliv er kanskje like viktig for at Eidfjord skal vera ein attraktiv kommune å busetje seg i. Arbeidsplassar og tilknytning styrer og kvar ein vil busetje seg. Me er positive til å samarbeida med privat næringsliv og andre offentlege for å lette det å finne relevant arbeid for begge.

Me vil leggja vekt på samarbeid partia i mellom, og vil støtta gode tiltak som fremjar trivsel og vekst i Eidfjord kommune. Me har ei variert liste med representantar frå heile kommunen. Lista inneheld både etablerte og nye kandidatar. Dei representerer ulike yrkesgrupper, og har god spreing i alder og interesser.

EIDFJORD – EIN GOD PLOSS Å BU

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Utarbeida ein overordna turistplan for Eidfjord
- Etablera torgplass med tilhøyrande toalettanlegg i sentrum
- Framleis gje tilskot til nye heilårsbustadar
- Etablera nye byggjeklare tomter
- Vedta serviceerklæring for alle tenesteområda
- Kartleggja behov, leggja ein plan og starta på arbeidet med å fornya Lægreid barne- og ungdomskule
- Nytt styrkerom og spinningrom i idrettshallen
- Få ein heilskapleg plan for gang- og sykkelvegane i kommunen.

Utover dette vil me sjølvstgt halda fram med å leggja press på å få gjennomført:

- Samanhengande gang- og sykkelveg til Øvre Eidfjord
- Hardangerviddatunellane, vintersikker Rv7
- Eidfjord Resort og anna utbygging i Sysendalen

NÆRINGSUTVIKLING

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Etablera torgplass med kombinert toalett- og servicebygg for torghandlarar
- Tilstrekkeleg næringsareal tilgjengeleg
- Støtta handverkarbedrifter
- Støtta omstilling og bruksutbygging i landbruket
- Støtta etablering av kompetansearbeidsplassar
- Støtta etablering av arbeidsplassar knytt til naturressursar i Eidfjord

Torgplassen er eit kombinert nærings- og turisttiltak i sentrum av Eidfjord. Me har etter kvart fleire verksemder som tilbyr mat og andre tenester frå mobile eller midlertidige bygg. Me ynskjer å utvikla ein torgplass ved å byggja eit felles bygg, som vil romma personalfasilitetar, toalett og sitjeplassar.

Eidfjord Senterparti er positiv til utanlandskabel frå Simadal. Ein utanlandskabel vil gje overskotsvarme som kan gje nyetableringar i Simadal.

TURISME

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Plan for turisme i Eidfjord
- Betra reguleringa av cruise- trafikken til Eidfjord
- Vidareutvikla Øvre Eidfjord og Sysendalen for å avlasta turismen i Eidfjord sentrum
- Leggja til rette for meir næring i samband med fullføring av Nasjonal Turistveg ved Vøringsfossen
- Støtta opp om initiativ for heilårsturisme.

Eidfjord Senterparti ynskjer å bruka det handlingsrommet som finst for å styra bruk av Eidfjord hamn (cruisebåtkaia).

Cruise-, buss-, og bilturisme har i sum auka betydeleg dei seinare åra. Sysselsetjing knytt til turisme er den største sysselsetjaren utanom offentlig forvaltning i Eidfjord. Mange verksemder me alle nyt godt av, er også avhengig av turisme for at dei skal kunna vidareutvikla seg. Dette må me balansera med behovet for å kunna ferdast fritt i eiga bygd.



SAMFERDSEL

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Samla plan for gang- og sykkelveggar og prioritera strekningar for å få samanhengande gang- og sykkelveggar
- Arbeida for fullfinansiering av gang- og sykkelveg mellom Øvre- og Nedre Eidfjord
- Arbeida for samanhengande gang- og sykkelveg til Stavanes
- Rassikring av Rv 7 til Simadal
- Samhandla breitt for å realisera Hardangervidda-tunellane
- Fullføra Nasjonal Turistveg ved Vøringsfossen.

Hardangerviddatunellane er særst viktige for Eidfjord, både for næringslivet, villreinen og at me skal ha ein vintersikker veg austover. Langs Rv 7 mellom Øvre- og Nedre Eidfjord er det viktig at me får ein

samanhengande gang- og sykkelveg, dette må staten som vegeigar syta for. I samband med turistvegprosjektet er det også viktig at me ikkje gjev slepp på den gamle vegen i Måbødalen, men arbeider for at denne på ny skal vera eit alternativ for fotgjengarar og syklende.

Lokalt meiner Senterpartiet at det er viktig at me syt for å komplimentera gang- og sykkelvegnettet til barnehage og skule. Kjem North Connect til Eidfjord, må gang- og sykkelveg til Stavanes etablerast. Vidare er det viktig at ein har ein trygg veg til dei fastbuande og dei som arbeider i Simadal.

BARN, UNGDOM OG UTDANNING

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Planlegga og starte på oppgradering av Lægreid barne- og ungdomsskule
- Nytt styrke- og spinningrom i idrettshallen
- Vidareføra varm skulemat i barnehage og skule
- Ønsker å halda barnehage open heile sommaren
- Kulturskule skal ha gratis 1. tilbud
- Gratis ungdomskort for elevar i vgs som bur i Eidfjord

Senterpartiet ynskjer å vidareutvikla oppvekstsenteret på Lægreid. Ei ombygging/tilbygg til Eidfjordhallen med eit meir tilrettelagt treningsrom/styrke-

rom og moglegheiter for spinningtrening, meiner me er viktige tiltak som kjem alle til gode i Eidfjord.

Lægreid barne- og ungdomsskule er over 50 år. Den har vore påbygd fleire gonger. Det er no på tide å sjå heilskapleg på bygningen. Nye læringsmetodar og teknologi krev ei anna utforming på bygningsmassen enn slik den framstår i dag.

HELSE OG SOSIAL

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Oppgradera ambulansestasjonen
- Sikra drift av terapibassenget
- Tilbod om babysymjing
- Turnusstilling innan fysioterapi

Eit aukande tal fritidsbustadar medfører at fleire har behov for helsetenester. Det har ein rett på, uavhengig om ein bur her, eller er besøkande. Ei mellombels om-disponering frå fritidseigedommar til bustadar kan gjera det mogleg å få desse til å flytta til kommunen og såleis verta skatteytarar.

Doktorkontoret og helse-tenestene (helsestasjonen) har mange brukarar frå tilstøytande kommunar. Dette fordi me har gode tenester. Me skal arbeida for å ha nok ressursar for å holda på gode tenester.

KLIMA OG MILJØ

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Negativ til lokal vindkraft-produksjon
- Positive til mini- og mikrokraftverk
- Arbeida for hogst langs riks- og fylkesvegnettet
- Utgreie og leggje til rette for landstraum til cruisekai
- Utgreie og leggje til rette for bruk og ladepunkt for store elektriske køyretøy

Me må tenkja klimakonsekvensar i alle avgjersler framover. For å leggja betre til rette for å gjera miljøretta val, må me ta ansyn til klima i vedtaka i neste kommunestyreperiode.



KULTURLIV LAG OG ORGANISASJONAR

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Støtta lokalt kulturliv i heile kommunen
- Framleis ha samarbeids-avtalar mellom frivillige og Eidfjord kommune.
- Aktivitetstilboda på Sæbø skule skal halda fram
- Sikra bidrag for husleige til eldreaktiviteten i NVE-bygget
- Utvikla ski- og løypenett i Sysendalen for å sikra betre trasear.

Kulturliv, lag og organisasjonar er noko Eidfjord kommune kan leggja til rette for, men det er eldsjelene og dei frivillige organisasjonane som syt for mange av dei gode tilboda me alt har.

Senterpartiet vil framleis arbeida for at me skal ha gode rammevilkår og yt bistand til frivillige lag og organisasjonar.



FRILUFTSLIV, JAKT OG FISKE

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Arbeida for betre rekruttering til jakt og fiske
- Stimulera til vidareforedling og salskanalar for lokalprodusert mat
- Sikra rettar og så gode rammevilkår som mogleg i alle planprosessar som vedkjem friluftsliv, jakt og fiske.
- Bidra til organisering av transport til jakt og fiske gjennom fjellstyret.
- Kun akseptera landbasert oppdrettsanlegg.
- Framleis skotpremie på raudrev og mink i samarbeid med fjellstyret

Jakt og fiske har lange tradisjonar i Eidfjord. Eidfjord Senterparti er opptatt av å sikre lokal rekruttering for jakt og fiske, frå fjord til fjell. Dei mogleheitene innbyggjarane har her, må me framsnakka og bruka for å få fleire til å flytta til Eidfjord.

Forvaltning av fjellområda våre er i stor grad styrt av regionale og sentrale myndigheiter og planar desse forvaltar. Me må vera oppmerksame og ha tilstrekkeleg kapasitet administrativt og politisk til å sikra våre interesser.

Anders Vatle (36,9 år) er ny ordførarkandidat for Eidfjord Senterparti.

Ingeniørgeolog Norconsult Eidfjord, sambuar og 2 ungar. Tidlegare teknisk sjef/kommunalsjef Lesja kommune. Medlem Eidfjord kommunestyre 2015-2019, leiar Motorferdselutvalet 2015-2019.

Eg brenn for å få utvikla Eidfjord; sentrum, næringslivet/turismen, skule og oppvekst. I neste periode må me ta grep i sentrum for å handtera den veksande turismen i bygda, Torgplassen med eit vel-fungerande og gratis toalett-anlegg må byggast!

Senterpartiet har lagt vekt på å rekruttera kandidatar frå heile kommunen. De vil sjå ei satsing på ein ny generasjon, med støtte av erfarne politikarar på lista vår.



Eidfjord Senterparti si liste ved kommunevalet:

- 1 ANDERS VATLE** Eidfjord
- 2 Ole-Johnny Odland** Eidfjord
- 3 Nina Eiken** Eidfjord
- 4 Kari Lægreid** Eidfjord
- 5 Håvard Sæbø** Øvre Eidfjord
- 6 Elsa Garatun** Øvre Eidfjord
- 7 Gunn Hordvik Sandvik** Eidfjord
- 8 Eirin Sandstå Kvale** Eidfjord
- 9 Arne G. Bu** Bu
- 10 Susann Hotle** Eidfjord
- 11 Lars Kristian Eidnes** Eidfjord
- 12 Thomas Hereid Eide** Eidfjord
- 13 Beate Melkeråen** Øvre Eidfjord
- 14 Tom Karsten Garen** Vøringsfoss
- 15 Olav Ingjerd** Øvre Eidfjord
- 16 Liv Myklatur** Øvre Eidfjord
- 17 Harald Myklatur** Øvre Eidfjord
- 18 Erling Ljone** Eidfjord
- 19 Geir Olmod Sæbø** Øvre Eidfjord
- 20 Evy Prestegård** Eidfjord
- 21 Kjell Rune Fyllingslid** Brimnes
- 22 Leiv Henry Sæbø** Øvre Eidfjord
- 23 Laila Langeland Hereid** Øvre Eidfjord